



Bordvegen



Tømmeret frå Nordbygda i Lunde og Eikja, Uvdal og Tveiten i Bø blei truleg lenge før 1770 kjørt til Sperrudvelta nedafør Torstveit. Transporten gjekk om Myre og Roe og langs Bordvegen.

Ei serskild næring som knyter seg til sagbruka, er plankekjøring. På denne tida fekk truleg vintervegen frå Lunde og Eikjabygda, som går bakom Staurheim og Borgja og forbi øvre Torstveit, namnet sitt - "Bordvegen". Borda kom frå sagene på Brenne, Svenseid og Dorholt. Å fløyte bord gjennom Vrangfoss må ha vore heilt uråd på den tid.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Gravplyndring



I mange gravrøyser og gravhaugar er det ei forsenking eller eit krater. Dette er spor etter plyndring eller utgraving. Mange av gravhaugane er plyndra i seinare tid av folk på leiting etter skattar. Dei tidlegare arkeologane var heller ikkje så nøyne på kva slags stand dei etterlet haugen i etter ei utgraving.

Ein god del av gravhaugane blei plyndra bare nokre få år etter at den døde blei hauglagt.

Kanskje var dette gravplassen til Staurheim gard. Gravene i jernalder låg i nærleiken av gardane og var viktige symbol på makt og eigarskap.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Gravgåver



Det var viktig at den døde hadde med seg ting og utstyr han eller ho kunne få bruk for i etterlivet. Som regel har den døde fått med seg personlege ting, slik som drakt, smykke og våpen. I mange tilfelle blei tinga rituelt øydelagt før nedlegginga, kanskje for å hindre plyndring. I den seinare delen av jernalderen blei det meir vanleg å gravlegge den døde med gjenstandar knytt til daglelivets aktivitetar.

Her ligg det to avlange gravhaugar. Ein reknar med at desse er kvinnegraver.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Gravskikkar i jernalderen



I haugen finst restane etter den døde. Somme tider blei den døde jordfesta, mens andre tider blei liket brent før gravlegginga. I jernalderen var det like vanleg å brenne liket som ikkje å gjera det.

Dersom liket ikkje vart brent, vart det ofte lagt i ei kiste av stein eller tre i haugen. Ofte ligg det fleire lik i same haug. Nokre ligg midt i haugen, mens andre ligg i utkanten. Dersom liket vart brent, kunne restane bli lagt i ein kjele eller ei urne. Denne vart så lagt ned i eit lite firkanta kammer av stein. Det finst og mange døme på at ei lita grop i bakken under haugen eller røysa vart siste kvilestaden for folk.

Her du står, kan du sjå 3 runde gravhaugar.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Gravhaugar og gravrøyser



Haugar og røyser er to ulike ting. Ei gravrøys innehold jamstore stein som er lagt saman til ei fin, rund steinrøys. Ein gravhaug er bygd opp av jord og stein i blanding. Gravhaugar og røyser kan ha mange former. Dei kan vera runde eller firkanta, avlange eller trekanta. Gravhaugar frå jernalderen kan og vera båtforma. Både kvinner og menn blei gravlagt i haug. Truleg har den mest vanlege gravskikken vore å gravlegge liket under flatmark, men denne skikken er det svært vanskeleg å finne spor etter i dag.

Her du står nå, kan du sjå ein gravhaug til venstre, ein til høgre og ein rett fram.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE




Kolgroper



Da jernproduksjonen starta i Noreg, blei det bruk for store mengder kol til jernvinneomnane. Trekolet blei produsert i kolgropene. Trekol brenn med høgare temperatur enn ved, noko som var viktig i produksjonen av jern.

Kolgropene i Håsårudhåtten har nok vore bruka til trekolproduksjon til gardssmiene. Ved vart stabla i ei grop, og jord og torv blei kasta på. Kva slags måte opptenning og luftregulering har gått føre seg på, veit ein lite om, men på denne måten har ein fått ei forkoling av veden. Etter at veden var forkola, blei trekola grove opp. Kolgropene visast i dag som ei grop med vollar rundt.




TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Kolgrop



Kolgropene er spor etter den eldste forma for trekolbrenning, og heng i hop med jernutvinning og ofte gardssmiing. Dei ligg ofte i grupper, og i Håsårudhåtten finst det mange av dei.




TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Kolgrop



Kolgropene er spor etter den eldste forma for trekolbrenning, og heng i hop med jernutvinning og ofte gardssmiing. Dei ligg ofte i grupper, og i Håsårudhåtten finst det mange av dei.




TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Kolgrop




Kolgropene er spor etter den eldste forma for trekolbrenning, og heng i hop med jernutvinning og ofte gardssmiing. Dei ligg ofte i grupper, og i Håsårudhåtten finst det mange av dei.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Holvegar



Holvegar i Håsårudhåtten

Holvegar er spor etter gamle gang- og ridevegar som gjekk mellom bygdene og fra gard til gard. Dei syner seg som u-forma forsenkingar i terrenget, og har blitt laga gjennom mange års ferdsel og slitasje på den same staden. Slitasjen oppstår gjerne i skråningar på grunn av den sterke erosjonen her. I kraftig regnvær kunne holvegane bli til bekker, og da måtte ein ri eller gå utanom den gamle vegen. Slik kunne ein ny hoveg bli til. Det er derfor vanleg at fleire løp ligg ved sida av kvarandre.


Holvegane er vanskelege å tidfeste, men mange av dei vitnar om bruk heilt tilbake til jernalderen.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Holveg



Holveg i Håsårudhåtten

Restar etter dei eldste ferdselvégane ein kjenner til kallast holvegar. Desse syner seg som u-forma forsenka stigar som oftest følgjer naturgitte passasjer. Holvegane er vanskelege å tidfeste, men mange av dei vitner om bruk heilt tilbake til jernalderen. Det som gjer holvegane i dette området spesielle, er at dei passerer tett opptil gravhaugane. Dette er ikkje vanleg, og vitnar om ei viss samanheng mellom dei to kulturminna.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



Håsårudhåtten

Kulturminneområde

Gravfelt, kolmile, holvegar og Bordvegen




I Håsårudhåtten er det mange gravhaugar, fleire holvegar og ei stor kolmile, i tillegg til den historiske Bordvegen. Følgjer du den blåmerka stien, kjem du til KULURMINNEOMRÅDET. Du kan der følge rundløypa SPINNEHJULET som er merka med blått i tillegg til eit SPINNEHJUL, og du vil kunne sjå nesten alle dei kjente kulturminna. Der vil du få eit innblikk i bruken av Håsårudhåtten dei siste 2000 åra. Gravfeltet på Håsårudhåtten omfattar over 10 godt bevarte gravhaugar. I Håsårudhåtten ligg det ei stor kolmile på heile 18 meter i tverrmål. Det finns også mange kolgroper i området.

Holvegar som er restar etter dei eldste ferdselvegane ein kjenner til, vil du finne langs Spinnehjulet. Desse syner seg som u-forma forsenka stiar som oftast følgjer naturgitte passasjar.





HÅSÅRUDHÅTTEN høyrer i dag til garden STAURHEIM som har historie heilt tilbake til eldre jernalder og er ein av dei eldste gardane i Bø. Garden har fin utsikt mot Lifjell, og er omkransa av store kornåkrar og skogområde med mange turvegar. Gravhaugane representerer truleg ein gravplass for Staurheim og Borgja. På garden blei det funne m.a.ei jernøks, vevskei, skjoldbule, kniv og ein hammar av stein og eit spinnehjul.



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE